

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 15.11.2010
Sakhandsamar: **Hanne Løvereide Årstad**
Saka gjeld: **Instruks for revisjonskomiteen og internrevisjonen i Helse Vest**

Arkivsak
2010/510/
Styresak 130/10 B

Styremøte 01.12.2010

Forslag til vedtak

Styret godkjenner instruks for revisjonskomite og internrevisjon.

Oppsummering

Instruks for revisjonskomiteen og internrevisjonen er behandla i møte i revisjonskomiteen 15.11.2010. Revisjonskomiteen drøfta forslaga til reviderte instruksar og gjorde enkelte endringar i møtet. Komiteen ber om å bli orientert om den praktiske oppfølging (rutinar, flytskjema) på neste møte.

Revisjonskomiteen fatta følgende vedtak:

Revisjonskomiteen innstiller til styret om å vedta instruks for revisjonskomiteen og internrevisjonen.

Saksframlegget til revisjonskomiteen er i sin helhet gjengitt under.

Bakgrunn

Etter krav i føretaksmøte i 2005 vart det utarbeidd instruksar for revisjonskomité og internrevisjon. Første versjon vart vedtekne av RHF-styret i 2006. Etter det er det gjort små endringar, og ein har heller lagt arbeid inn i å fortolke den praktiske konsekvensen av dei. Internasjonale og nasjonale standardar seier at instruksen bør vurderast årleg.

Fleire forhold har det gjort det ønskeleg å gjere vurderinga grundigare enn normalt, og revisjonskomiteen fatta i møte 18.10.2010 følgjande vedtak:

Leiar for internrevisjonen utarbeider til neste møte i Revisjonskomiteen revidert forslag til instruks for Revisjonskomiteen og internrevisjonen. Forslaga skal bygga på føringane som kom fram i møte 18.10.2010.

Denne saka går gjennom forslaget til nye instruksar for revisjonskomiteen og internrevisjonen. Vi har lagt vekt på følgjande kriterier:

- Halde på det som er godt i gjeldande instruksar
- Hente det beste frå dei andre regionane
- Jamføre med internasjonale standardar (IIA/NIRF)
- Sikre realisme i kva oppgåvene skal vere
- Sikre logisk oppbygging
- Sikre enklast mogleg språk
- Samkjøre formuleringar på tvers av instruksane

Resultatet er at innhaldet i instruksane stort sett er det same som før. Vi går punktvis gjennom instruksane nedanfor.

Instruks for revisjonskomiteen.

Punkt 1, formål

Formålet i gjeldande instruks i overkant lang og omstendeleg. Det inneheld formuleringar som best høver som oppgåver, og andre formuleringar som kan tolkast å vere for krevjande i praksis. I forslaget til ny instruks er fleire avsnitt flytta til overskrifta med oppgåver, og formålet er redusert til ei kort og konsis setning.

Ny formulering understrekar komiteen sin plassering som underutval av og støtteorgan til styret. Det er i tråd med utviklinga på dette området lagt inn at bidraget skal være til god verksemdstyring. Ein søker altså gjennom formålsformuleringa sette risiko og internkontroll inn i eit større heile.

Punkt 2, organisering

Punkt 2 og 3 har bytt rekkefølge, og har få endringar.

Under punkt 2 er det tatt inn eit krav om at eitt av medlemmene skal ha kompetanse innan rekneskap eller revisjon. Dette blei vedtatt i føretaksmøte 25.01.2008. Det ligg også i forslaget ei endring med at medlemmene blir valt for to år av gangen i staden for eitt. Dette med tanke på kontinuitet i revisjonskomiteen. Ein kan tenkje seg at medlemmen trer ut av styret før dei to åra er gått og dermed ikkje lenger er valbar til, eller kan sitte i komiteen. Da vil medlemmen automatisk også tre ut av komiteen.

Punkt 3 er kalla ansvar og mynde og erstattar det gamle punkt 2. Her er tatt bort eit setning om at kostnader ved ekstern bistand skal dekkast av Helse Vest RHF. Det gir seg etter måten sjølv.

Punkt 4, oppgaver

Tidlegare låg oppgåvene spreidd fleire stader i instruks, men er nå samla i punkt 4. Det bidreg til gjera rolla til revisjonskomiteen meir tydelig. Oppgåvene er delt i tre hovudkategoriar ut frå det revisjonskomiteen skal sjå etter for å ivareta styret sin tilsyns- og kontrollfunksjon. Kort sagt:

- Risikostyring og internkontroll i føretaksgruppa
- Følgje opp internrevisjonen
- Følgje opp eksternrevisjonen

Dette er i tråd med praksis andre stader og anbefalingane frå bransjeorgana på området (NIRF).

Punkt 4.1 omhandlar revisjonskomiteens ansvar for å sjå til at føretaka har ein tilfredstillande eigenkontroll.

- 4.1 *Føre tilsyn med at det er etablert risikostyring og internkontroll som kan bidra til å sikre*
- *målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursar*
 - *påliteleg styringsinformasjon*
 - *etterleving av regelverk, eigarkrav og eigne vedtekne krav (mellom anna etikk)*
 - *oppfølging og læring av feil og avvik rapportert frå interne og eksterne tilsyns- og kontrollinstansar.*

Lite er endra ut over det å redigere/ flytte nokon av punkta. Det er likevel søkt å gjera ein modifisering av språkbruken. I staden for å nytte ord som at revisjonskomiteen "skal sikra", er det nå tatt inn "sjå til". Ein kan ut frå dagens instruks tolke det som at komiteen skal sikre at Helse Vest etterlev alt regelverk. Dette er søkt klargjort i forslag til ny instruks.

Punkt 4.1 samsvarar no med formuleringar nytta i instruks for internrevisjon, også punkt 4.1.

Punkt 4.2 omhandlar forholdet til internrevisjonen

- 4.2 *Sjå etter at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv intern revisjon. I dette ligg bl.a.:*
- *halde seg orientert om internrevisjonen sitt arbeid og sjå til at dette går føre seg i samsvar med faglege standardar og profesjonelle krav*
 - *behandle forslag til plan for internrevisjon*
 - *godkjenne vesentlege oppgaver for internrevisjonen utanom vedteken revisjonsplan*
 - *innstille overfor styret på internrevisjonens budsjett*

Internrevisjonen skal sørge for ein kontinuerleg oppfølging og vurdering av verksemdas interne kontrollaktivitetar. Internrevisjonen er ansvarleg for å rapportere regelmessig til revisjonskomiteen og skal bidra til å ivareta revisjonskomiteens ansvar for å støtte styret til å utføre god verksemdstyring. I protokoll frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF 17. januar 2005 står følgjande om internrevisjon: *Intern revisjon er eit viktig ledd i styrets overvåkingsfunksjon som skal, uavhengig av administrasjonen, gjere systematiske risikovurderingar, kontrollar og undersøkje internkontrollen i helseføretaka for å vurdere om han verkar forsvarleg og føremålstenleg.*

Det er tatt inn en presisering i siste kulepunkt om at revisjonskomiteen innstiller overfor styret på internrevisjonens budsjett. Plan for internrevisjonens arbeid må sjås i samanheng med budsjettet

internrevisjonen skal halde seg innanfor. I og med at revisjonskomiteen skal behandla plan for internrevisors arbeid bør revisjonskomiteen også ha ein formeining om korleis ressursane disponerast og om dei er tilstrekkelege.

Punkt 4.3 omhandlar forholdet til ekstern revisjon.

- 4.3 *Sjå etter at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv ekstern revisjon. I dette ligg bl.a.:*
- *sjå til at revisjonen går føre seg i samsvar med faglege standardar og profesjonelle krav*
 - *å gjennomgå vesentlege forhold knytt til Helse Vest sitt årsrekneskap saman med ekstern revisor*
 - *sjå til om ekstern revisor eller revisjonsselskapet har levert andre tenester enn revisjon som bidrar til å svekke eksternrevisor sin uavhengige rolle.*

Dei to siste kulepunktka under punkt 4.3 er nye og tatt inn som ei presisering av kva som ligg i revisjonskomiteens sjå etter ansvar overfor ekstern revisor. Det er inga endring i innhaldet i rolla overfor eksternrevisor.

Den eksterne revisjonen er uavhengig av verksemda og har som formål å gje ein årleg godkjenning av verksemda sitt rekneskap. Første strekpunkt er ei grunnleggjande oppgåve, men bør ikkje oppfattast som ei arbeidskrevjande oppgåve. Tilsynet med ekstern revisor ligg hos Finanstilsynet og eventuelt andre ordningar ekstern revisor måtte ha for kvalitetskontroll. Derimot bør komiteen halde seg orientert om korleis ekstern revisor sjølv vurderer sin uavhengige rolle og til dømes kvalitetssystemet internt.

Det er viktig at revisjonskomiteen møter eksternrevisor for gjennomgang av årsrekneskapen. Dette gir komiteen moglegheit for å stilla spørsmål om funn eventuelt tankar ekstern revisor har gjort av verksemda som revisjonskomiteen kan nytta i sitt arbeid. Praksis har vært at revisjonskomiteen innstiller til styret om godkjenning av årsrekneskapen for Helse Vest.

I føretaksmøte 17.januar 2005 blei det vist til revisorlova § 4-5 første ledd, der det står: "*Revisor som reviderer årsregnskap for en revisjonspliktig, kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester for den revisjonspliktige dersom dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet.*" Føretaksmøtet tek for gitt at Helse Vest RHF legg til grunn ei restriktiv tolking av regelen.

Punkt 5, rapportering til styret

Rapportering til styret er skilt ut i eit eige punkt for å tydeliggjere det som skal rapporterast. Rapporteringa famnar protokollar, møte- og aktivitetsplan, budsjett og plan for internrevisjonen, revisjonsrapportar, og ein årlig rapport frå komiteen og internrevisjonen sitt arbeid. Nokre av sakene er til orientering, andre til vedtaksbehandling.

Punkt 6 og 7 i instruks for revisjonskomiteen omhandlar revisjonskomiteens møter og kven som har møte- og talerett i møta. Her er inga endringar ut over at internrevisjonen er gitt talerett i møta.

Når det gjeld punkt 7.4 om at styreleiarar og administrerande direktørar i helseføretaka har møte- og talerett når sakar under deira ansvarsområde blir handsama, er dette meint å fange opp saker som går på det enkelte føretak. Slik det står kan det hevdast å vera fleire saker som går på deira ansvarsområde f.eks. revisjonsplan, årsrapportar. Det kan stillast spørsmål om det vert uoverkommeleg å handtere i praksis. På same vis kan det vere saker kor ein har behov for å begrense retten til å vere til stades. Dette tas ikkje inn i instruksen.

Instruks for internrevisjonen

Innhaldet i forslag til instruks er stort sett den same som i dag. Men på same vis som for instruks for revisjonskomiteen er det her gjort ein redigering av dei ulike punktka i instruksen. I tillegg til redigeringar er nokre avklaringar søkt innarbeidd, samt ei noko bestemt ordbruk modifisert.

Punkt 1, formål

Eit eige innleiingskapittel er tatt bort. Der var det ei blanding av ansvar, mynde, organisering og oppgåver. På same vis som i instruks for revisjonskomiteen går forslaget ut på at instruks startar med formål med internrevisjon. Dei andre punkta under innleiinga er flytta under dei punkt dei naturleg høyrer heime.

Overskriftene i punkta 1-4 samsvarer med instruks for revisjonskomiteen.

Punkt 2, organisering

I gjeldande instruks går det fram at internrevisor har ei fagleg rapportering til både revisjonskomite og administrerande direktør. I forslag til ny instruks er dette splitta, slik at fagleg rapportering er til revisjonskomiteen og administrativ linje er til administrerande direktør.

Denne presiseringa er i samsvar med nasjonale og internasjonale standardar for internrevisjon, og med instruksane i dei tre andre helseregionane. Det handlar om å være uavhengig og objektiv i utøving av arbeidet, jamfør punkt 3.1. Dette betyr at organisasjonsmessig plassering av internrevisjonen skal være uavhengig av verksemdas operative funksjonar og prosessar.

I internrevisjon er den todelte rapporteringslinja eit viktig prinsipp, men behøver likevel ikkje trekkast så langt at det er revisjonskomiteen eller styret som tilset revisor og fastset løna til leiar for internrevisjonen. Desse siste gjeremåla er haldne uendra slik at administrerande direktør tilset og fastset godtgjerla, i samråd med revisjonskomiteen.

Punkt 3, ansvar og mynde

Det er i punkt 3.6 gjort tydeleg at internrevisjonen skal utføre arbeidet sitt i samsvar med gjeldande etiske reglar og standardar for profesjonell utøving av internrevisjon, slik dei er fastsett av The Institute of Internal Auditor (IIA) og Norges Interne Revisorers Forening (NIRF). Denne referansen er gjort meir eksplisitt, men er i innhald lik tidlegare.

Punkt 4, oppgåver

Oppgåvene til internrevisjonen er samla i punkt 4. Punkt 4.1 samsvarer med punkt 4.1 i instruks for revisjonskomiteen og omhandlar internrevisjonens tilsyn med verksemdas eigenkontroll. I punkt 4.2 er internrevisjonens objektive rådgjevingsfunksjon tatt inn med den viktige presiseringa at uttalar og råd skal bidra til verdiskaping i føretaka, jf også under punkt 1 formålet.

Punkt 4.3 er det tatt inn at internrevisjonen skal vurdere korleis føretaksgruppa handterer risikoen for mislege tilhøve. Dette står ikkje i gjeldande instruks, men er i samsvar med standard for profesjonell utøving av internrevisjon. Tidlegare stod det, at internrevisjonen skulle rapportere om mislege tilhøve dei vart kjend med i sitt arbeid. Dette er flytt til punkt 7.2.

Det er ingen endringar i resten av punkta under oppgåver. Ein kan likevel merke seg at virkefeltet for internrevisjonens oppgåver går ut over sjølve føretaksgruppa. Her tenkjer vi på punkt 4.5 som gir i oppdrag å kunne sjå nærare på eksterne som driv på oppdrag frå Helse Vest, avtalespesialistar eller – institusjonar.

Punkt 5, revisjonsplanlegging

Einaste endring er at et nytt punkt (5.3) presiserer at revisjonsplanlegginga skal vere involverande i føretaksgruppa. Involvering er viktig for å sikre eit best mogleg plangrunnlag.

Punkt 6, gjennomføring av revisjonen

Her er få endringar i innhald. Nokon presiseringar, bl.a. punkt 6.1 som slår fast at det er viktig med ein god dialog i revisjonsprosessen, og punkt 6.2 som presiserer at administrerande direktør i revidert eining er formell kontaktperson under revisjonsprosessen.

Det er lagt opp til at rapportar sendast administrerande direktør i revidert føretak og til revisjonskomiteen.

Ein har også tatt inn her i instruksen et punkt (6.5) om at AD i føretaka plikter å legge fram rapportar for sitt styre til behandling. Det er ikkje openbart at det skal være omtalt og regulert i ein instruks for internrevisjonen, men heller i for eksempel oppdragsdokumentet. På den annen side viser punktet til eit viktig ledd i den prosess som heile gjennomføringa av revisjonen omhandlar, nemleg å skaffe tilveie et uavhengig kunnskapsgrunnlag for dei styrande organa i Helse Vest – som grunnlag for deira arbeid.

Punkt 7, rapportering og kommunikasjon

Her er det rydda i rekkefølga av punkta. På innhaldssida er det gjort tydelegare korleis samhandlinga med eksternrevisor, Riksrevisjonen og ulike tilsynsstyresmakter bør være. Vidare er plikta til føretaka om å informere internrevisjonen om alle vesentlege endringar i verksemda si tatt bort, av di det blir for tungt å etterleve.

Konklusjon

Det er snart fem år sidan første og nær einaste versjon av instruksane for revisjonskomite og internrevisjon vart vedtekne. Internrevisjonen har oppfatta det slik at instruksane har skapt ein del usikkerheit blant dei involverte. Vår intensjon har vært å rydde i instruksane slik at dei både blir meir klargjerande, realistiske og i betre harmoni med den praksis vi ser andre stader og dei anbefalingar som følgjer av standardar i omverda.

Vedlegg

Forslag til ny instruks for Revisjonskomiteen

Forslag til ny instruks for Internrevisjonen